



Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS

**Innkalling  
for  
Representantskapet for IKA-Hordaland IKS**

Møtedato: fredag. 09.02.24  
Møtestad: Teams, lenke i eigen e-post.  
Møtetid: 09.00 – 11.00

Forfall skal meldast til administrasjonen. Varamedlem møter berre etter nærmare innkalling.

**Sakliste**

**Saksnummer Tittel**

---

- |           |   |
|-----------|---|
| Sak 01/24 | Oppiteljing av representantskapsmedlemmer                                     |
| Sak 02/24 | Godkjenning av innkalling og sakliste   |
| Sak 03/24 | Val av to representantar i tillegg til møteleiar til underskrift av protokoll |
| Sak 04/24 | Presentasjon frå selskapet  |
| Sak 05/24 | Val av representantskapsleiar og nestleiar - vedtakssak                       |
| Sak 06/24 | Ny selskapsavtale - orienteringssak   |
| Sak 07/24 | Føresegn for styret - vedtakssak  |
| Sak 08/24 | Føresegn for valnemnda - vedtakssak   |
| Sak 09/24 | Val av valnemnd - vedtakssak  |

Med venleg helsing

Rune Lothe

Møtesekretær

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
01/24	Representantskapet	2024/18

## **Oppteiling av representantskapsmedlemmer**

### **Saksutgreiing:**

Dei frammøtte representantar vert talde. Representantskapet er vedtaksføre når 12 av dei valde representantane er til stades.

### **Framlegg til vedtak:**

..... Valde representantar og eigardelar var frammøtt.

Representantskapet er vedtaksføre.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
02/24	Representantskapet	2024/18

### **Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Saksutgreiing:**

Representantskapet godkjenner utsendt innkalling med sakliste.

#### **Framlegg til vedtak:**

Representantskapet godkjenner innkalling og sakliste.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
03/24	Representantskapet	2024/18

## **Val av to representantar i tillegg til møteleiar til underskrift av protokoll**

### **Saksutgreiing:**

Representantskapet vel to representantar i tillegg til møteleiar til å signere protokollen.

### **Framlegg til vedtak:**

Framlegg vert gjort i møte.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
04/24	Representantskapet	2024/18

## **Presentasjon frå selskapet**

### **Saksopplysning:**

Selskapet orienterer om saker av betydning for eigarane.

### **Framlegg til vedtak:**

Representantskapet tek presentasjonen til vitande.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
05/24	Representantskapet	2024/18

## **Val av representantskapsleiar og nestleiar**

### **Saksopplysning:**

Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar.

### **Framlegg til vedtak:**

Framlegg vert gjort i møte.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
06/24	Representantskapet	2024/18

## **Orientering ny selskapsavtale**

### **Saksopplysningar**

Gjeldande selskapsavtale ble utarbeida i sin noverande form i 2019 og det er berre gjort små endringar i ettertid. No er kommunelova og Lov om interkommunale selskap (IKS-lova) endra og IKA-Hordaland IKS sin selskapsavtale må tilpassast desse endringane.

Styret legg difor fram forslag til ny selskapsavtale. Det er og laga ein § spegel og eit framlegg til oversendelsesskriv til kommunestyra.

Selskapsavtalen skal vedtakast av det enkelte kommunestyre.

### **Framlegg til vedtak:**

Representantskapet tek selskapsavtala til vitande.



# Selskapsavtale

Gjeldande frå 01.01.2024



IKA  
HORDALAND

Raus og ryddig

## **Innhold**

§1 Selskapet.....	3
§2 Føremål.....	3
§3 Eigarane sitt årlege tilskot (eigartilskot) .....	3
§ 4 Eigarar, eigardel og ansvarsdel.....	3
§ 5 Nye eigarar .....	4
§ 6 Representantskapet .....	4
§ 7 Valnemnd .....	4
§ 8 Styret .....	4
§ 9 Dagleg leiar .....	4
§ 10. Rekneskap.....	4
§ 11 Opptak av lån og leigeavtalar.....	4
§ 12 Endringar av selskapsavtale .....	5
§ 13 Uttreden .....	5
§ 14 Tvistar .....	5
§ 15 Anna.....	5
§ 16 Ikrafttreden .....	5

## **§1 Selskapet**

Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999. nr. 6

Selskapet sitt føretaksnamn skal vere Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS og hovudkontoret skal vere i Bergen.

## **§2 Føremål**

1. Selskapet sitt hovudføremål er å legge forholda til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.
2. Selskapet skal etter avtale med den enkelte eigar kunne fungere som arkivdepot for eigarane sine arkiv. Tenestene skal vere regulert gjennom eigne tenesteavtalar.
3. Selskapet kan tilby faglege tenester som eigarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester eigarane har ulik etterspurnad etter, og eller som ikkje vert tilbydd til alle eigarar. Tenestene skal vere regulert gjennom eigne tenesteavtalar.
4. Selskapet kan fungere som ein regional arkivinstitusjon med funksjonar knytt til samla samfunnsdokumentasjon. Tenester knytt til dette, skal vere regulert i eigen tensteavtale.
5. Selskapet kan delta i faglege samarbeid og eller selje kompetanse og arkivtenester til andre enn eigarane så lenge dette ikkje går ut over hovudføremålet.

## **§3 Eigarane sitt årlege tilskot (eigartilskot)**

Eigarane betaler årleg inn tilskot til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Eigartilskotet vert utrekna frå eit grunnbeløp samt eit eige kronebeløp pr. innbyggjar fastsett av representantskapet.

## **§ 4 Eigarar, eigardel og ansvarsdel**

Selskapet har 24 eigarar. Eigardelane er utrekna i prosent med ein desimal. Eigardelen vert utrekna frå eigaen sitt tilskot det året selskapsavtalen trer i kraft. Eigardelane svarar til ansvarsdelen.

Kommune	Eigardel %	Kommune	Eigardel %
Alver kommune	6,0	Masfjorden kommune	3,4
Askøy kommune	6,0	Modalen kommune	3,2
Austevoll kommune	3,7	Osterøy kommune	4,0
Austrheim kommune	3,5	Samnanger kommune	3,4
Bjørnafjorden kommune	5,6	Stord kommune	5,0
Bømlo kommune	4,3	Sveio kommune	3,7
Eidfjord kommune	3,3	Tysnes kommune	3,5
Etne kommune	3,6	Ullensvang kommune	4,2
Fedje kommune	3,3	Ulvik herad	3,3
Fitjar kommune	3,5	Vaksdal kommune	3,6
Kvam herad	4,0	Voss herad	4,7
Kvinnherad kommune	4,4	Øygarden kommune	6,9
			100 %

## **§ 5 Nye eigarar**

Ein ny eigar tek på seg samme forpliktingar for selskapet som eksisterande eigarar og vil være bunde av alle tidlegare vedtak og beslutningar som selskapet har fatta.

I tillegg til det faste eigartilskotet skildra i § 3, betalar ny eigar eit innskot tilsvarende 50% av det årlege eigartilskotet.

## **§ 6 Representantskapet**

Eigarane utøver mynde gjennom representantskapet. Representantskapet skal bestå av eit medlem, frå kvar eigar. Kvart medlem har éi stemme.

Representantskapet sine medlemmer vert vald for fire år og den enkelte eigar kan foreta nyval av sine representantskapsmedlemmer i valperioden. Representantskapet vel sin leiar og nestleiar.

## **§ 7 Valnemnd**

Selskapet skal ha ei valnemnd på minimum tre medlemmer. Representantskapet fastset elles talet på faste medlemmer. Valnemnda vert vald for fire år av gongen.

Representantskapet vedtek instruks for valnemnda.

## **§ 8 Styret**

Styret skal oppnemnast av representantskapet og skal ha minimum tre og maksimum åtte faste medlemmer og tre numeriske varamedlemmer.

Representantskapet vedtek styret sine instruksar.

Ein representant for dei tilsette har møte og talerett i styret jf. kommunelova § 13-4.

## **§ 9 Dagleg leiar**

Styret tilset dagleg leiar og fastset vedkommande sine tilsetjingsvilkår. Styret skal utarbeide instruks for dagleg leiar.

Selskapet sitt firma teiknast av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap.

Dagleg leiar har prokura åleine innanfor vedteken budsjettramme.

## **§ 10. Rekneskap**

Regnskap skal gjevast i tråd med IKS loven § 27.

## **§ 11 Opptak av lån og leigeavtalar**

Selskapet kan ta opp lån innanfor en samla låneramme på 15 millionar norske kroner.

Om låneopptak føreset garanti frå eigarane, fordrar dette vedtak i det enkelte kommunestyre.

Avtalar om leige av varige driftsmidlar som påfører selskapet utgifter ut over dei dei neste fire budsjettåra, skal vedtakast av representantskapet.

## **§ 12 Endringar av selskapsavtale**

Forslag til endring av selskapsavtalen kan fremjast skriftleg av styret, representantskapet eller ein/fleire av eigarane. Forslag til endringar vert handsama i samsvar med IKS-lova § 4.

## **§ 13 Uttreden**

Den enkelte eigar kan med eit års skriftleg varsel sei opp si deltaking i selskapet.

Oppseiingstida startar frå 31.12 det året oppseiinga vert levert.

Forpliktingar i form av garanti for lån og anna, skal innfriast innan 1.1. i etterkant av uttreden.

## **§ 14 Tvistar**

Tvist om tolking av selskapsavtalen, fordeling av utgifter, det økonomiske oppgjeret etter uttreden eller oppløysning, skal søkjast løyst i minnelegheit eventuelt reisast for dei ordinære domstolane.

## **§ 15 Anna**

Styret vedtar tenesteavtaler for eigarane.

Forhold som ikkje er regulert i denne selskapsavtalen, vert regulert av til ei kvar tid gjeldene Lov om interkommunale selskap (IKS-lova)

## **§ 16 Ikrafttreden**

Selskapsavtala trer i kraft 1.1.2024 eller så snart alle eigarane har vedtak avtala i øvste politiske organ.

## Endringsspeigel ny selskapsavtale for Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2024

<b>§ 1 Namn</b> <p>Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29 januar 1999 nr. 6 med seinare endringar. Kommunar, fylkeskommunar og interkommunale selskap kan vere eigrarar i selskapet.</p> <p>Selskapet sitt firma er " Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS.". Selskapet har 24 eigrarar:</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Alver kommune • Askøy kommune • Austevoll kommune • Austrheim kommune • Bjørnafjorden kommune • Bømlo kommune • Eidfjord kommune • Etne kommune • Fedje kommune • Fitjar kommune • Kvam herad • Kvinnherad kommune • Masfjorden kommune • Modalen kommune • Osterøy kommune • Samnanger kommune • Stord kommune • Sveio kommune • Tysnes kommune • Ullensvang kommune • Ulvik herad • Vaksdal kommune • Voss herad • Øygarden kommune</li></ul>	<b>§1 Selskapet</b> <p>Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS er eit interkommunalt selskap som er oppretta med heimel i lov om interkommunale selskap av 29.01.1999 nr. 6</p> <p>Selskapet sitt føretaksnamn skal vere Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS og hovudkontoret skal vere i Bergen.</p> <p><i>Kommentar: Eigrarar er flytta til § 4 Eigrarar, eigardel og ansvarsdel.</i></p>
<b>§ 2 Rettsleg status</b> <p>Selskapet er eige rettssubjekt og arbeidsgivaransvaret ligg til styret. Selskapet skal registrerast i Føretaksregisteret.</p>	<p><i>Kommentar: Teke ut då dette er regulert i lov og forskrift.</i></p>
<b>§ 3 Hovudkontor</b> <p>Selskapet har sitt hovudkontor i Bergen kommune</p>	<p><i>Kommentar: Teke ut og flytta til ny § 1 Selskapet.</i></p>

<p><b>§ 4 Føremål og ansvarsområde</b></p> <p>1. Selskapet sitt hovedføremål er å legge forholda til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.</p> <p>2. Selskapet skal etter avtale med den enkelte eigar kunne fungere som arkivdepot for eigarane sine arkiv. Tenestene skal vere regulert gjennom eigene avtalar.</p> <p>3. Selskapet kan tilby arkivfaglege tenester som eigarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester eigarane har ulik etterspurnad etter, og eller som ikkje vert tilbydd til alle eigarar. Tenestene skal vere regulert gjennom eigene tenesteavtalar.</p> <p>4. Selskapet skal kunne fungere som fylkesarkiv og skal kunne ta i mot privatarkiv. Tenester som er knytt til privatarkiv skal vere regulert gjennom ein eigen avtale.</p> <p>5. Selskapet har ikkje erverv som føremål. Selskapet kan delta i faglege samarbeid og eller tilby kompetanse og arkivtenester til andre så lenge dette ikkje går utover hovedformålet.</p> <p>Representantskap og styre har ikkje fullmakt til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.</p>	<p><b>§2 Føremål</b></p> <p>1. Selskapet sitt hovedføremål er å legge forholda til rette for eigarane si rasjonelle, funksjonsdyktige og effektive gjennomføring av arkivlova sine intensjonar og føresegner.</p> <p>2. Selskapet skal etter avtale med den enkelte eigar kunnen fungere som arkivdepot for eigarane sine arkiv. Tenestene skal vere regulert gjennom eigene tenesteavtalar.</p> <p>3. Selskapet kan tilby faglege tenester som eigarane skal betale for, etter satsar vedtekne av styret. Dette skal vere tenester eigarane har ulik etterspurnad etter, og eller som ikkje vert tilbydd til alle eigarar. Tenestene skal vere regulert gjennom eigene tenesteavtalar.</p> <p>4. Selskapet kan fungere som ein regional arkivinstitusjon med funksjonar knytt til heilheitleg samfunnssdokumentasjon. Tenester knytt til dette, skal vere regulert i eigen tensteavtale.</p> <p>5. Selskapet kan delta i faglege samarbeid og eller selge kompetanse og arkivtenester til andre enn eigarane så lenge dette ikkje går ut over hovedføremålet.</p>
<p><b>§ 5 Eigartilskot og eigardel</b></p> <p>Eigarane betaler årleg inn tilskot til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Grunnlaget for utrekning av tilskotet skal være eit grunnbeløp samt eit eige kronebeløp pr. innbyggjar.</p>	<p><b>§3 Eigarane sitt årlege tilskot (eigartilskot)</b></p> <p>Eigarane betaler årleg inn tilskot til drift av selskapet i samsvar med vedtak i representantskapet. Eigartilskotet vert utrekna frå eit grunnbeløp samt eit eige kronebeløp pr. innbyggjar fastsett av representantskapet.</p>

For eigarar som ikkje kan legge folketallet til grunn, til dømes interkommunale selskap, vert det årlege tilskotet fastsett av representantskapet.

Eigarane har fyljande eigardeler.

Kommune	Eigardel %	Kommune	Eigardel %
Alver kommune	6,2	Masfjorden kommune	3,3
Askøy kommune	6,2	Modalen kommune	3,0
Austevoll kommune	3,6	Osterøy kommune	4,0
Austrheim kommune	3,4	Samnanger kommune	3,4
Bjørnafjorden kommune	5,7	Stord kommune	5,1
Bømlo kommune	4,4	Sveio kommune	3,7
Eidfjord kommune	3,2	Tysnes kommune	3,4
Etne kommune	3,5	Ullensvang kommune	4,3
Fedje kommune	3,2	Ulvik herad	3,2
Fitjar kommune	3,4	Vaksdal kommune	3,5
Kvam herad	4,0	Voss herad	4,7
Kvinnherad kommune	4,5	Øygarden kommune	7,1
Sum:			100

Selskapet sine eigardelar skal justerast kvart fjerde år på grunnlag av kvar enkelt eigar sitt årlege tilskot til selskapet. Eigardelande skal også justerast ved eventuelt inn og utmeldingar. Tilskot vert justert årleg i tråd med berekna lønn og prisstigning i inneverande års statsbudsjett.

#### § 4 Eigarar, eigardel og ansvarsdel

Selskapet har 24 eigarar. Eigardelane er utrekna i prosent med ein desimal.

Eigardelen vert utrekna frå eigaren sitt tilskot det året selskapsavtalen trer i kraft. Eigardelane svarar til ansvarsdelen.

Kommune	Eigardel %	Kommune	Eigardel %
Alver kommune	6,0	Masfjorden kommune	3,4
Askøy kommune	6,0	Modalen kommune	3,2
Austevoll kommune	3,7	Osterøy kommune	4,0
Austrheim kommune	3,5	Samnanger kommune	3,4
Bjørnafjorden kommune	5,6	Stord kommune	5,0
Bømlo kommune	4,3	Sveio kommune	3,7
Eidfjord kommune	3,3	Tysnes kommune	3,5
Etne kommune	3,6	Ullensvang kommune	4,2
Fedje kommune	3,3	Ulvik herad	3,3
Fitjar kommune	3,5	Vaksdal kommune	3,6
Kvam herad	4,0	Voss herad	4,7
Kvinnherad kommune	4,4	Øygarden kommune	6,9
			100 %

*Kommentar: eigardelane er justert etter årleg tilskot for 2024.*

<b>§ 6 Ansvarsfordeling</b> Den einskilde eigar heftar uavgrensa for sin aktuelle eigardel av selskapet sine samla forpliktingar, jf. Lov om interkommunale selskap §3, første ledd.	<i>Kommentar: Teke ut då dette er regulert i ny IKS lov.</i>
<b>§ 7 Selskapet sine organ</b> Selskapet skal ha tre organ: Representantskapet Styre Dagleg leiar	<i>Kommentar: Teke ut då dette er regulert i ny IKS lov.</i>
	<b>§ 5 Nye eigarar</b> Ein ny eigar tek på seg samme forpliktingar for selskapet som eksisterande eigarar og vil være bunde av alle tidlegare vedtak og beslutningar som selskapet har fatta. I tillegg til det faste eigartilskotet skildra i § 3, betalar ny eigar eit innskot tilsvarende 50% av det årlege eigartilskotet.
<b>§ 8 Representantskapet</b>  Representantskapet er selskapet sitt øvste mynde. Selskapet skal ha eit representantskap der samlede eigarar er representert med ein representant kvar. Det skal oppnemnast eit varamedlem for kvar av dei faste medlemmene. Funksjonstida skal vere 4 år og lik den kommunale valperioden.  Det enkelte kommunestyre eller fylkesting oppnemnar sjølv sin representant. Er eit interkommunalt selskap eigar, oppnemnar selskapet sitt representantskap deira representant. Dagleg leiar eller styremedlemmer kan ikkje veljast til medlemmer i representantskapet. Eigarane har instruksjonsmyndigkeit overfor sine representantar. Representantskapet konstituerer seg sjølv og vel leiar og nestleiar	<b>§ 6 Representantskapet</b>  Eigarane utøver mynde gjennom representantskapet. Representantskapet skal bestå av eit medlem, frå kvar eigar. Kvart medlem har éi stemme. Representantskapet sine medlemmer vert vald for fire år og den enkelte eigar kan foreta nyval av sine representantskapsmedlemmer i valperioden. Representantskapet vel sin leiar og nestleiar.
<b>§ 9 Representantskapet sine møte.</b>	<i>Kommentar: Språkendringar elles er anna regulert i ny IKS lov.</i>

Ordinært representantskapsmøte skal gjennomførast årleg innan utgangen av april månad. Innkalling til ordinært representantskapsmøte skal skje skriftleg med minst fire vekers varsel, og skal innehalde ei sakliste. Med tilsvarende frist skal og den enkelte eigar varslast. Innkallinga føl elles dei reglar som framgår av lov om interkommunale selskap §8

Ordinært representantskapsmøte skal behandle:

1. Val av protokollnemnd med to medlemmar
2. Årsmelding og rekneskap.
3. Budsjett og økonomiplan
4. Rammer for låneopptak og tilskot frå eigarane.
5. Val av revisor.
6. Val til styret.
7. Val til valnemnd med minst tre medlemmer.

Representantskapet sin leiar kallar inn til møte. Møta skal leiast av representantskapsleiar, eller nestleiar når denne ikkje er til stades. Om både er fråverande skal det veljast ein møteleiar.

Det vert kalla inn til ekstraordinært representantskapsmøte med to vekers varsel når leiaren i representantskapet finn det naudsynt, eller når styret, revisor, minst ein av deltagarane eller minst ein tredjedel av representantskapsmedlemene krev det, for å behandle ei særskilt nemnd sak.

Styreleiar og dagleg leiar har møteplikt på representantskapsmøta og dagleg leiar og alle styremedlemene har møte- og talerett.

Representantskapet er vedtaksført når minst to tredjedeler av eigarane er til stades. Ved røysting har kvar representant som er tilstade ei røyst kvar. Ved røystelikskap er møteleiar si røyst

*Kommentar: Teke ut då dette er regulert i ny IKS lov og eigne føresegner.*

avgjerande. Protokollnemnda utferdingar og underteiknar protokoll frå representantskapet sine møte.	
<p><b>§ 10 Budsjettbehandlinga</b></p> <p>Representantskapet vedtek budsjett og økonomiplan Styret førebur representantskapet si handsaming av budsjett og økonomiplan. Dersom styret sitt framlegg går ut over tidlegare vedtekne føresetnader og rammer, eller har konsekvensar som går ut over eigarane sine økonomiplanar, skal styret gjere eigarane og representantskapet merksame på dette. Det same gjeld om styret fremjar framlegg til endringar i vedtekne budsjettføresetnader. Dei til ei kvar tid gjeldande føreskrifter for budsjett og økonomiplan gitt i medhald av lov om interkommunale selskap skal gjelde for verksemda.</p> <p>Ferdigbehandla budsjett skal sendast til eigarane innan 1. september kvart år. Budsjettet er ikkje endeleg før alle eigarane sine budsjett er behandla etter kommunelova § 45 nr. 4</p> <p>Styret skal utarbeide slike økonomirapportar som representantskapet vedtek.</p>	<p><i>Kommentar: Teke ut då dette er regulert i ny IKS lov og eigne føresegner.</i></p>
	<p><b>§ 7 Valnemnd</b> Selskapet skal ha ei valnemnd på minimum tre medlemmer. Representantskapet fastset elles talet på faste medlemmer. Valnemnda vert vald for fire år av gongen. Representantskapet utarbeidar instruks for valnemnda.</p>
<p><b>§ 11 Styret</b> Forvaltninga av selskapet ligg under styret. Styret skal ha fem medlemmer, kor av fire skal veljast av representantskapet etter</p>	<p><b>§ 8 Styret</b> Styret skal oppnemnast av representantskapet og skal ha minimum tre og maksimum åtte faste medlemmer og tre numeriske varamedlemmer. Representantskapet vedtek styret sine instruksar.</p>

<p>valnemnda si innstilling. Dei valde styremedlemmene skal ha tre varamedlemmer etter nummerert liste.</p> <p>Styremedlemmer og varamedlemmer blir valt for to år. Vala skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer med varamedlemmer står på val kvart år. Dei tilsette vel eit styremedlem med vara. Medlemen har rettigheter i styret i samsvar med kommunelova §26 pkt. 1 og 2. Styret sine oppgåver er å realisere dei forventingane, føretaksfilosofien og hovudmåla som eigarane ved representantskapet har vedteke.</p> <p>Styret skal syte for at saker som skal handsamast i ordinært representantskapsmøte er tilstrekkeleg førebudd. Styret iverkset representantskapet sine vedtak.</p> <p>Styret kan kun ta opp lån eller påføre eigarane forpliktingar i den utstrekning det føreligg særleg vedtak om dette i representantskapet.</p> <p>Styret tilset dagleg leiar, og kan bestemme at vedkommande vert tilsett på åremål. Styret kan delegere til dagleg leiar å tilsetje selskapet sine øvrige tilsette. Styret skal føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av selskapet og har instruksjon og omgjeringsmynde ovanfor dagleg leiar.</p> <p>Styret representerer selskapet utetter og teiknar selskapet sitt firma.</p> <p>Styret kan gje styremedlem eller dagleg leiar fullmakt til å teikne selskapet sitt firma og kan fastsetje at dei som har slik rett må utøve denne i fellesskap.</p>	<p>Ein representant for dei tilsette har møte og talerett i styret jf. kommunelova § 13-4.</p> <p><i>Kommentar: Språkendringar og forenklingar. Mykje er teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner vedteke av representantskapet.</i></p> <p><i>Representantskapet vert gjeve mynde til å fastsette antal faste styremedlemmer eit interval på 3-8 etter råd frå samfunnsbedriftene og i tilfelle selskapet skulle vekse og verte større.</i></p>
<p><b>§ 12 Styret sine møte Styremøta vert leia av styreleiar.</b></p>	<p><i>Kommentar: Språkendringar og forenklingar. Mykje er teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner vedteke av representantskapet.</i></p>

<p>Styreleiar kallar inn til styremøte når dette trengst. Styremedlem og dagleg leiar og kan krevje at det blir kalla inn til styremøte. Styret er vedtaksføre når minst tre av fem medlemmer er til stades inkludert møtande varamedlemmer. Styret gjer vedtak med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskap er møteleiar si røyst avgjerande. Styreleiar syt for at det vert ført protokoll som vert godkjent i styret. Styret fastset dagleg leiar si løn. Styret vedtek personalreglement for selskapet. Styret godkjenner forhandlingsresultat frå lokale lønsforhandlingar.</p>	
<p><b>§ 9 Dagleg leiar</b> Styret tilset dagleg leiar og fastset vedkommande sine tilsetjingsvilkår. Styret skal utarbeide instruks for dagleg leiar. Selskapet sitt firma teiknast av styrets leder og dagleg leiar i fellesskap. Dagleg leiar har prokura åleine innanfor vedteken budsjetttramme.</p>	<p><b>§ 9 Dagleg leiar</b> Styret tilset dagleg leiar og fastset vedkommande sine tilsetjingsvilkår. Styret skal utarbeide instruks for dagleg leiar. Selskapet sitt firma teiknast av styreleiar og dagleg leiar i fellesskap. Dagleg leiar har prokura åleine innanfor vedteken budsjetttramme. <i>Kommentar: Språkendringar og forenklingar. Mykje er teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner vedteke av styret</i></p>
<p><b>§ 14 Organisering av tilsynsfunksjonar</b> Dagleg leiar skal til ei kvar tid halde styret løypande orientert om alle vesentlege forhold som gjeld selskapet si verksemد, økonomi og personale. Styret skal syte for at eigarane og representantskapet til ei kvar tid har den naudsynte oversikt slik at dei kan ivareta og førebu naudsynte disposisjonar.  Representantskapet sine møtebøker skal fortløpande sendast til eigarane.</p>	<p><i>Kommentar: Språkendringar og forenklingar. Mykje er teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner vedteke av styret</i></p>
<p><b>§ 15 Personvern / sakshandsamingsreglar / forholdet til anna regelverk</b> Selskapet og deira tilsette skal følgje reglane som gjeld for offentleg forvaltning, herunder arkivlova, forvaltningslova offentleglova og</p>	<p><i>Kommentar: Teke ut då dette er regulert i ny IKS lov og eigne føresegner.</i></p>

<p>personopplysningslova. Reglane om habilitet i kommunelova gjeld for tilsette samt selskapet sine organ. For område som ikkje er direkte regulert i selskapsavtala gjeld til ei kvar tid gjeldande reglar i lov om interkommunale selskap samt forskrifter gitt i medhald av denne lova.</p> <p>Selskapet skal vidrare utføre sitt arbeide i tråd med intensjonane i verdserklæringa om Arkiv slik vedteke i september 2010 samt yrkesetiske retningslinjer for slik vedteke av International Convention on Archives (ICA) i 1996.</p>	
<p><b>§ 16 Økonomiforvaltning</b></p> <p>Styret har ansvar for økonomiforvaltninga i selskapet. Styret skal ettersjå at det vert ført lovmessige rekneskap og at det vert føretekne revisjon av selskapet samt at selskapet sitt rekneskap, budsjett og økonomiforvaltning føl regler i lov om interkommunale selskap og dei gjeldande forskrifter for slike selskap.</p> <p>Selskapet sin revisor vert valt av representantskapet.</p> <p>Selskapet sitt økonomireglement vert vedteke av representantskapet.</p> <p>Selskapet avgjør rekneskap etter rekneskapslova.</p>	<p><b>§ 10. Rekneskap</b></p> <p>Regnskap skal gjevast i tråd med IKS loven § 27.</p> <p><i>Kommentar: Mykje er teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner vedteke av representantskapet.</i></p>
<p><b>§ 17 Låneopptak og garantitilsegn</b></p>	<p><b>§ 11 Opptak av lån og leigeavtalar</b></p>

<p>Selskapet kan ta opp lån innanfor ei ramme på NOK 2 000 000 for selskapet sitt samla låneopptak. Selskapet kan berre ta opp lån til kapitalformål eller til konvertering av eldre gjeld. Selskapet kan ta opp lån til likviditetsføremål når dette blir innfridd før rekneskapsavslutning i same budsjettår.</p> <p>Selskapet kan ikkje stille garanti eller pantsetje eigendalar til trygd for andre sine lån. Selskapet kan sjølv ikkje låne ut pengar.</p> <p>Dersom det ved låneopptak vert kravd garanti frå eigarane, må det gjerast vedtak om dette av det enkelte fylkesting / kommunestyre / representantskap. Den enkelte eigar garanterer for sin del av lånet tilsvarende eigarandelen Det vert lagt ein inn føresetnad om at garantien er i overeinskomst med bestemmelsane i , kommunelova § 51 nr. 2.</p>	<p>Selskapet kan ta opp lån innanfor en samla låneramme på 15 millionar norske kroner.</p> <p>Om låneopptak føreset garanti frå eigarane, fordrar dette vedtak i det enkelte kommunestyre.</p> <p>Avtalar om leige av varige driftsmidlar som påfører selskapet utgifter ut over dei dei neste fire budsjettåra, skal vedtakast av representantskapet.</p> <p><i>Kommentar: Noko er teke ut då dette vert regulert i ny lov. Låneramma er satt i tråd med reglar knytt til omfang av garantiar kommuner kan stille til verksemd som vert drive av andre jf. Forskrift om garantier og finans og gjeldsforvaltning i kommuner og fylkeskommuner § 14.</i></p>
<p><b>§ 18 Arbeidsgjeveransvar</b></p> <p>Styret har det formelle arbeidsgivaransvaret for dei til ei kvar tid tilsette i selskapet.</p> <p>Styret avgjer tilknyting til arbeidsgivarorganisasjon.</p>	<p><i>Kommentar: Teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner vedteke av representantskapet.</i></p>
<p><b>§ 19 Møtegodtgjering</b></p> <p>Godtgjering for møter m.v. til leiar og medlem av styret vert fastsatt og utbetalt etter reglar vedteke av representantskapet.</p> <p>Styremedlemmene har rett til refusjon for tap i inntekt og utgiftsdekning tilsvarende reglane i kommunelova § 41. Eigarane honorerer sjølv sine representantar, herunder og selskapet sin representantskapsleiar og nestleiar.</p>	<p><i>Kommentar: Teke ut då dette vert regulert i ny lov og eller i eigne føresegner vedteke av representantskapet.</i></p>

<p><b>§ 21 Endring av selskapsavtala</b></p> <p>Selskapsavtala må vedtakast av alle eigalar. Kommunestyret/fylkestinget må sjølv vedta avtalen. For eigalarar som er interkommunale selskap må vedtaket gjerast av representantskapet. Endringar i selskapsavtala som gjeld dei punkta som i lov om interkommunale selskap § 4 tredje ledd set som minimumsinnhald i ei selskapsavtale, kan berre skje ved at eigalarane gjer likelydande vedta om dette.</p> <p>Andre endringar i selskapsavtala kan gjerast av representantskapet med tilslutnad frå minst to tredjedelar av stemmene. Framlegg til endringar i selskapsavtala kan fremjast av styret, representantskapet eller ein/fleire av eigalarane.</p> <p>Styret skal ha høve til å uttale seg om endringsframlegg i selskapsavtala før desse vert fremja til behandling hjå eigalarane.</p>	<p><b>§ 12 Endringar av selskapsavtale</b></p> <p>Forslag til endring av selskapsavtalen kan fremjast skriftleg av styret, representantskapet eller ein/fleire av eigalarane. Forslag til endringar vert handsama i samsvar med IKS-lova § 4.</p> <p><i>Kommentar: Noko er teke ut då dette vert regulert i ny lov og eller i eigne føresegner.</i></p>
<p><b>§ 22 Utelating, uttreden og oppløysing</b></p> <p>Om ein Eigar vesentleg misheld sine plikter i selskapsforholdet, kan dei andre eigalarane einstemming vedta at vedkommande Eigar skal utelatast frå selskapet etter reglane i lov om interkommunale selskap § 31. Den enkelte eigar kan med 1 – eit års skriftleg varsel einsidig sei opp sitt Eigarskap etter reglane i lov om interkommunale selskapet § 30. Oppseiinga får ikkje verknad før etter 31.12. året oppseiinga vart motteke av selskapet.</p> <p>Framlegg til oppløysing av selskapet må vedtakast av eit samråystes representantskap. Vedtak om oppløysing må vedtakast av alle Eigalarar og av departementet. Avviklinga av selskapet skal skje i samsvar med lov om interkommunale selskap § 32 – 38. Fordeling av aktiva og passiva i samband med eventuell uttreden eller oppløysing skal skje i</p>	<p><b>§ 13 Uttreden</b></p> <p>Den enkelte eigar kan med eit års skriftleg varsel sei opp si deltaking i selskapet. Oppseiingstida startar frå 31.12 det året oppseiinga vert levert.</p> <p>Forpliktingar i form av garanti for lån og anna, skal innfriast innan 1.1. i etterkant av uttreden.</p> <p><i>Kommentar: Mykje er teke ut då dette vert regulert i ny lov og i eigne føresegner.</i></p>

samsvar med lov om interkommunale selskap § 30. Styret plikter å melde frå om avviklinga til Føretaksregisteret.	
<b>§ 23 Tvisteordning</b>  Om ikkje anna ordning føl av lov eller forskrift vert tvist om forståinga av denne selskapsavtala vert endelig avgjort av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmer oppnemnd av Fylkesmannen i (namn på nytt fylke). Det same gjeld tvist om utgiftsfordeling og fordelinga av aktiva.	<b>§ 14 Tvistar</b> Tvist om tolking av selskapsavtalen, fordeling av utgifter, det økonomiske oppgjeret etter uttreden eller oppløysning, skal søkjast løyst i minnelegheit eventuelt reisast for dei ordinere domstolane.
	<b>§ 15 Anna</b> Styret vedtar tenesteavtaler for eigarane.  Forhold som ikkje er regulert i denne selskapsavtalen, vert regulert av til ei kvar tid gjeldene Lov om interkommunale selskap (IKS-lova)
<b>§ 24 Ikrafttreden</b>  Denne selskapsavtalen trer i kraft frå det tidspunkt den er vedteke av alle eigarane sitt øvste politiske organ.	<b>§ 16 Ikrafttreden</b> Selskapsavtala trer i kraft 1.1.2024 eller så snart alle eigarane har vedtake avtala i øvste politiske organ.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
07/24	Representantskapet	2024/18

## **Føresegn for styret**

### **Saksopplysningar**

Selskapsavtala krev at verksemda har føresegn for styret. Vedlagt ligg framlegg til instruks.

Det er representantskapet som er vedtaksmynne.

### **Framlegg til vedtak:**

Representantskapet vedtek føresegn for styret.



# Føresegn for Styret

Gjeldande fra 01.01.2024



Raus og ryddig

IKA  
HORDALAND

## **§ 1 Føremål**

Føresegna skal legge til rette for god verksemderstyring ved å gje retningslinjer for styret sitt ansvar, arbeid, sakshandsaming og habilitet og ved å avklare styret sine plikter ovanfor representantskapet. Føresegna regulerer også tilhøvet til dagleg leiar.

Ved motstrid går lov om Interkommunale selskap med føresegner og selskapsavtalen framfor denne føresegna.

## **§2 Styret si samansetjing**

Styret vert valt av representantskapet etter forslag frå valkomiteen og skal ha fire faste medlemmer og tre numeriske varamedlemmer.

Styret skal dessutan ha observatør med vara valt av dei tilsette. Observatøren har møte- og talerett i styret jf. kommunelova §13-4. og har rett til å få synet sitt protokollført.

Styret sine medlemmer og observatør vert valde for 2 år av gongen slik det går fram av selskapsavtalen, IKS lova § 10 og instruks for valnemnda § 3.2.

## **§ 3 Selskapet sitt firma og representasjon**

Styret teiknar selskapet sitt firma. Styret kan gje styreleiar eller dagleg leiar rett til å teikne selskapets firma og fastsetje at dei som har slik rett, må utøva han i fellesskap.

Styret og/eller dagleg leiar uttaler seg på vegne av selskapet om ikkje anna er skriftleg avtala.

## **§ 5 Styret og representantskapet**

Styret skal sjå til at verksemda vert drive i samsvar med selskapet sitt føremål, selskapsavtalen, årsbudsjettet og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapet.

Styret skal sjå til at bokføring og formuesforvaltning er gjenstand for forsvarleg kontroll og utarbeide den informasjon som er naudsynt for å gjere representantskap i stand til å utøve forsvarleg eigarstyring.

## **§ 6 Styret og dagleg leiar**

Styret er dagleg leiar sin arbeidsgjevar. Styret tilset vedkommande og bestemmer tilsetjingsvilkåra. Styret skal utarbeide instruks for dagleg leiar og føre tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda.

Styreleiar er dagleg leiar sin kontaktperson, når ikkje anna er fastsett. Dagleg leiar er sekretær for styret. Dagleg leiar har rett og plikt til å delta i styrebehandling og uttales seg, viss ikkje anna er vedteke av styret i den einskilde saka.

## **§ 7 Habilitet og teieplikt.**

Selskapet er mellom anna omfatta av offentleglova, forvaltningslova og arkivlova.

Styret skal vurdere eigen habilitet jfr. forvaltningslova. Styret har teieplikt for opplysningar som vert handsama i samband med saker av forretnings og konkurransemessig art, og i forhandlingar med andre aktørar. Teieplikta gjeld òg alle personalsaker styret får innsyn i.

Teieplikta er ikkje til hinder for at opplysningar kan gjevast i medhald av kommunelova § 80. Styret er ikkje pålagt teieplikt om forhold der selskapet har gjort seg skuldig i brot på lover, forskrifter eller offentlege føresegner.

## **§ 8 Styret sitt ansvar og oppgåver**

Arbeidsgjeveransvar og ansvar for forvaltninga av selskapet ligg til styret jf. IKS lova § 13.

Styret sitt arbeid skal rettast inn mot fire hovudoppgåver:

### **Strategioppåver:**

- Fastsetje verksemda sine mål
- Fastsetje strategi, visjon og verdiar
- Økonomi- og handlingsplanar
- Budsjett og finansforvaltning.

### **Organisasjonsoppgåver**

- Vedta organisasjonsmodell
- Ansvar og fullmakter
- Instruks for dagleg leiar
- Ressursstyring og bemanning
- Kompetanse og utvikling
- Etiske retningslinjer

### **Kontrolloppgåver**

- Resultatrapportering
- Budsjettstyring
- Rapportar frå revisor
- Internkontroll
- Arbeidsmiljø og HMS
- Tenesteproduksjon
- Eigartilfredsheit
- Risiko og sårbarheit
- Beredskapsplanar

### **Eigenoppgåver**

- Styreevaluering
- Tilrettelegge for styrekompetanse
- Representantsjon ovanfor tredjepart
- Evaluering av dagleg leiar
- Utarbeide møte- og arbeidsplan for styret

## **§ 9 Styret sine møter**

Styret vel sjølv si arbeidsform. Styreleiar vurderer om møte skal gjennomførast som fjernmøte eller på annan måte.

Styret trer saman når styreleiar bestemmer det. Medlemer og dagleg leiar kan krevje at styret trer saman. Innkalling til møte skal skje med minst fem dagars varsel og skal innehalde sakliste.

Styremedlemmer som er hindra frå å delta på møte, skal så snart som mogleg varsle dagleg leiar som då er ansvarleg for å innkalle vararepresentantar.

### **§ 9.1 Sakshandsaminga i styret**

Styremøte vert leia av styreleiar, eller, nestleiar om ikkje anna vert avtala. I sakshandsaminga til styret skal følgande saksform nyttast:

- Vedtakssaker, i saker som krev avgjersle i styret.
- Drøftingssaker, om tiltak og planar som ikkje krev vedtak i styret, eller som eventuelt kjem attende til styret som vedtakssak.
- Orienteringssaker, i saker av informativ art som gjeld drift og kontrolloppgåver.

Styret si avgjerd er den som fleirtalet av dei frammøtte har stemt for. Ved stemmelikhet er møteleiar si stemme avgjerande. Det skal førast protokoll frå møta. Protokollen skal signerast av alle styremedlemmer som var tilstades på møtet. Digital signatur kan nyttast.

Styremedlemer, dagleg leiar eller observatør som er ueinig i styret si avgjerd, kan krevje å få meiningsa si innført i protokollen.

### **§ 10 Nye styremedlemmer og observatør**

Innan nye medlemmer eller ny observatør tiltrer styret, skal dagleg leiar syte for at dei får tilgang til fyljande dokument:

- Selskapsavtale.
- Tenesteavtalar.
- Stategi-, handligs- og økonomiplan.
- Føresegner for styre, valnemnd og dagleg leiar.
- Internkontroll, etiske retningslinjer, og reglar for varsling.

### **§ 11 Endringar i denne føresegna**

Representantskapet kan vedta andre oppgåver og endringar i denne føresegna.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
08/24	Representantskapet	2024/18

## **Føresegn for valnemnda**

### **Saksopplysning:**

Selskapsavtala krev at verksemda har instruks for valnemnda. Framlegg til instruks for valnemnda ligg vedlagt.

Det er representantskapet som er vedtaksmynne.

### **Framlegg til vedtak:**

Representantskapet vedtek føresegn for valnemnda.



# Føresegn for valnemnda

Gjeldande frå 01.01.2024



Raus og ryddig

IKA  
HORDALAND

## **§ 1 Oppgåve**

Valnemnda si oppgåve er å føreslå kandidatar til verva leiar og nestleiar i representantskapet og medlemmer til styret i Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS. Valnemnda skal òg føreslå godtgjersle for desse verva.

## **§2 Valnemnda si samansetting**

Valnemnda skal ha éin leiar og to medlemmer. Valnemnda vert valt for fire år av gongen jf. selskapsavtalen § 7.

## **§ 3 Arbeidsform**

Valnemnda vel sjølv si arbeidsform. Dagleg leiar skal gje melding om når det er påkravd at valnemnda skal tre saman og utføre arbeid.

Valnemnda vert oppmoda om å kontakte representantskapsleiar, styreleiar og dagleg leiar i selskapet for dialog rundt styrefunksjonen, behovet for kompetanse, eventuelle avgangar (?)og attval. Nemnda legg sjølv fram si innstilling i møte.

### **§ 3.1 Val av representantskapsleiar og nestleiar**

Val og Innstilling til leiar og nestleiar av representantskapet skal fylge lov om interkommunale selskap § 6 og selskapsavtala § 6.

### **§ 3.2 Val av medlemmer til styret**

Styret skal ha det tal medlemmer som er fastsett i føresegne for styret § 2.

Styremedlemmer og varamedlemmer skal veljast for to år om gongen. Vala skal gjennomførast slik at minst to styremedlemmer og/eller varamedlemmer står på val kvart år.

Ved innstilling av medlemmer til styret bør det leggjast vekt på:

- a) At kandidatane har kompetanse og/eller erfaring frå tidlegare styrearbeid, kjennskap til offentleg administrasjon, næringsliv, politikk eller andre relevante miljø.
- b) At ein førebygger moglege habilitets- oginteressekonflikter (og/eller økonomiske bindingar).
- c) At kandidatane som er føreslått til leiar og nestleiar har leiarerfaring, gode samarbeidsevner og godt omdøme.

- d) At alle kandidatane forstår rollasi , er kjende med kva ansvar som ligg på styremedlemmer i eit interkommunalt selskap og er villige og innforståtte med omfanget av arbeidet og ansvaret.

#### **§ 4 Endringar i denne føresegna**

Representantskapet kan vedta andre oppgåver og endringar i denne føresegna.

Saksnummer	Utval	Arkivsak ID
09/24	Representantskapet	2024/18

## **Val av valnemnd**

### **Saksopplysning:**

I tråd med føresegn for valnemnda skal det veljast 3 medlemmer til valnemnd.

### **Framlegg til vedtak:**

Framlegg vert gjort i møtet.